



Hordaland Nei til EU

Protokoll fra årsmøtet 6. mars 2020

Stad: Hotell Neptun

Tid: møtet starta kl 18.00 og vart heva kl 20.10

Sak 1. Opning

Fylkesleiar Gunnar Rutle opna og ønskte velkommen til årsmøtet.

28 medlemmer hadde meldt seg. 26 medlemmer møtte.

Sak 2. Konstituering av årsmøtet

- Godkjenning av innkalling og saksliste
Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent
- Val av møteleiar og ordstyrar.
Vedtak: Sigmund Simmenes vart vald
- Val av protokollførar
Vedtak: Toril Mongstad og Oddvar Skre vart valde
- Val av to personar til å underskriva protokollen.
Vedtak: Agathe Børretzen og Tor Sander vart valde.

Sak 3. Årsmelding 2019

Gunnar gjekk gjennom årsmeldinga.

Emil Øvretveit er ført opp som kvinnekontakt, det er feil. Rett person her er Anna Nordlund

Vedtak: Årsmøtet tok årsmeldinga vart teke til orientering (eller godkjent?)

Sak 4. Rekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2020

Hildur gjekk gjennom rekneskap og balanse

Vedtak: Rekneskapen for 2019 vart godkjent.

Hildur las revisjonsmeldinga (revisor Frank Moe)

Vedtak: Revisjonsmeldinga vart teke til orientering

Sak 5. Arbeidsplan 2020

Toril gjekk i gjennom arbeidsplanen for 2020 slik han låg føre.

Tormod Lid, Henry Lie, Martin Ruud, Frode Mannsåker hadde ordet til saka

Frode påpeika at under: Delmål og tiltak, Samarbeid med andre engasjerte samfunnsaktørar, kulepunkt 2 (under delmål), må det ståstandpunkt **mot** (ikkje om) medlemsskap i EU.....

Vedtak: Arbeidsplan for 2020 vart godkjent med retting av merknaden framsett av Frode Mannsåker.

Sak 6. Budsjett for 2020

Hildur gjekk gjennom det framlagte budsjettet. Frank Moe stilte spørsmål om styret ville ta høgd for korleis budsjettet skal innreiaast utan UD-midlar. Han reiste og spørsmål om kva som skjer med midlar frå lokallag som vert lagt ned, og foreslo at det kunne nyttast til nye lokallag for eksempel

Sigmund Simmenes meinte at eit lokallag må vera aktiv og livskraftig for å kunna få økonomisk stønad.

Vedtak: Årsmøtet vedtok budsjett for 2020 med følgjande tillegg: Ved bortfall av UD-midlar vil årsmøtet godkjenna revidert budsjettering med eit underskot inntil same beløp som det som manglar i UD-tilskot.

Sak 7. Innkomne framlegg og årsmøte-fråsegner

Brexit – Toril gjekk gjennom fråsegna

Martin Ruud hadde ordet og påpeika ein skrivefeil. Den vert retta opp.

Vedtak: fråsegna vart godkjent og årsmøtet var samd i at ho kan sendast til pressa.

Fråsegn om North Connect

Gunnar gjekk gjennom fråsegna

Frode Mannsåker tok ordet, og hadde merknad om siste setning i første avsnitt: Og om det nå skulle være osv (og resten av første avsnitt), vil ha ei nøytral fråsegn som ikkje nemner spesifikke land. Han meiner at denne setninga gjer fråsegna litt uklar.

Eilert Jan Lohne hadde ordet og var ikkje samd i at dette er uklart, det hadde vore betre å senda til Tyskland enn Skottland. Støttar ikkje Frode si innvending

Marta Røskeland (var det henne??), stilte spørsmål ved om me skulle hatt med punkt om tap av straum under vegs?

Frank Mo hadde ordet og var samd med Frode om uttalen

Toril hadde ordet, og oppmode til ein klar uttale. Er årsmøtet i tvil, vil truleg andre også vera det.

Martin Ruud stilte spørsmål om kostnadsauken – me dobbelsjekkar tala.

Henry Lie meinte at fråsegna kan tena på å ha kortare setningar.

Oddvar hadde ordet – vil at fråsegna må koma ut straks

Eilert Jan Lohne spurte om me kan ta inn noko om at andre også protesterer på denne kabelen

Frode sa seg samd i at styret ser på det som har vorte sagt i høve til fråsegna.

Vedtak: årsmøtet godkjente årsmelding med følgjande merknad: styret får fullmakt til å sjå på ny på fråsegna i lys av dei innkomne kommentarane. Målet er å ha ei klar og konsis fråsegn, og at styret ikkje brukar for lang tid på revidering av fråsegna.

Sak 8. Val

Val av nytt styre:

Leiar i valkomiteen, Jane Nordlund la fram valkomiteen si innstilling:

Gunnar Rutle	leiar – attval
Toril Mongstad	attval
Hildur Straume	attval
John Dale	attval
Anna Nordlund	attval
Sigmund Simmenes	ny – tidlegare vara
Alexandra Jæger Kanney	ny
Lydia Aud Marit Eidsnes	ny
Oddvar Skre	1. vara (tidlegare styremedlem)
Ivan Tubezi	2. vara (tidlegare styremedlem)
Ingen så langt	3. vara
Frode Mannsåker	4. vara – attval (også rekneskapsførar)

Frank Mo, revisor, attval

Desse hadde ordet:

Henry Lie stilte spørsmål om me skulle hatt to revisorar? Ofte vanleg med to.

Frode Mannsåker hadde ordet og viste til at det ikkje er uvanleg med berre ein revisor.

Frank Mo hadde ordet. Han ser ikkje at det trengs to revisorar, det vert meir arbeid for han med to.

Hildur refererte vedtekten – det er ikkje uvanleg med berre ein, NtEU sentralt har berre ein men har og ein kontrollkomite.

Sigmund uttalte at om det er ønskje om to revisorar, kan dette takast opp på neste årsmøte og må sendast inn slik fristen er for vedtektsendringar .Årsmøtet var samde om at me kan klara oss med 3 vararepresentantar

Vedtak: årsmøtet vedtok valkomiteens innstilling til nytt styre og revisor

Deretter la styret fram forslag til ny valkomite:

Jane Nordlund, Bergen, leiar

Jorge C Dahl, Bergen

Jorunn Skistad Holsen

Vedtak: årsmøtet vedtok styret si innstilling til valkomite.

Alle som har verv, er vald for eit år.

Sak 9 . Avslutning og middag

Møtet vart heva ca 20.10, og dei fleste av dei frammøtte gjekk så til felles middag og hyggeleg samver.

Toril Mongstad, referent

Oddvar Skre, referent

Agathe Børretzen
Protokollunderskrivar

Tor Sander
Protokollunderskrivar